

Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: Torsdag 20.01.2022
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: **Roald, Håkon neste møte**

Forfall er ikkje meldt til kyrkjevevje

Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

| Namn | Funksjon | Desse møte |
|-------------------------|-----------------------|------------|
| Svein Lunde | leiar | X |
| Wenche Andersen Helland | nestleiar | X |
| Sigrid Marie Fangel | skrivar | X |
| Tom Rydland | medlem | X |
| Anne Marie Røed | medlem | X |
| Herman Inge Aadland | medlem | X |
| Håkon Rydland Sæbø | medlem | |
| Aase Rygg H. Nøttveit | medlem | X |
| Roald Drønen | sokneprest | X |
| Sigurd Andre Maraas | kommunal representant | X |
| Jostein Skram | 1. vara | |
| Karin Maria Korsvik | 2. vara | X |
| Magnor Tverderøy | 3. vara | |
| Hilda Gloppen | 4. vara | |
| Jan Ottar Wiik | 5. vara | |
| Svein Arne Theodorsen | vara for sokneprest | |
| Jan Overweg | kyrkjevevje | X |

Fitjar, 17.02.2022

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjevevje

Sakliste:

| SAK | ARKIVKODE | TITTEL | KOMM REPR |
|---------|-----------|---|-----------|
| 2022/01 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | x |
| 2022/02 | 012.1 | Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 18.11.2021 | x |
| 2022/03 | | Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet | x |
| 2022/04 | | Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2020 | x |
| 2022/05 | | Godkjenning av detaljbudsjett for 2022 | x |
| 2022/06 | | Vedlikehaldsarbeid 2022 | |
| 2022/07 | | Søknad Fitjar sogelag – markering gamle kyrkja | |
| 2022/08 | | Årshjul 2022 | |
| 2022/09 | | Takkofferliste våren 2022 | |
| 2022/10 | | Val av medlemmer i trusopplæringsutvalet | |
| 2022/11 | | Meldingar / open post | |

Sak 2022/01 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/02 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 18. november 2021.

Sak 2022/03 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje la fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Nokre stikkord:

Lys vaken-

Temakveld bra

3 bisetting og 3 gravferd

Corona tiltak -mange arr avlyst

Digital visning av julekonsert 700 visningar

Vårt Land lenke til gudsteneste nyårsdag 700 visningar -Fitjar er ei av få kyrkjer som har digitale sendingar, også på landsbasis

Visitas: litt få på kyrkjelydsfesten, men biskopen var godt fornøgd. God salmesong blei lagt merke til

Vedtak:

Soknerådet tar orienteringa til vitande

Sak 2022/04 Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2020

Rekneskapan for 2020 er no endeleg avslutta og revisor har gått gjennom det. Rekneskapan viser eit resultat på kr. 42.805,-. Elles er det i rekneskapan ein udekkja sum for finansiering av investeringar som gjeld eigenkapitalinnskot i KLP på kr. 7.746,-. Soknerådet skal gjera vedtak om disponering av resultat.

Meir informasjon om revisjonsmeldinga og rekneskapan vert lagt fram i møtet

Vedtak:

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskap for 2020 som er gjort opp med eit overskot på kr. 42.805,-.

Overskotet vert disponert slik:

Avsett til eigenkapitalinnskot i KLP, kr. 7.746,-

Avsett til disposisjonsfond kr. 35.059,-

Sak 2022/05 Godkjenning av detaljbudsjett for 2022

Soknerådet skal vedta eit detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

Budsjettet for Fitjar sokn 2022, som vart godkjent i soknerådsmøtet 14.10.2021, går i balanse med ei kommunal rammeoverføring pålydande kr. 2.473.100. I Fitjar kommune sitt endelege budsjett for 2022 vart tilskotet til Fitjar sokn redusert til kr. 2.387.950.

I framlegget som no ligg føre er bruk av disposisjonsfondet (mindreforbruket frå tidlegare år) auka med kr. 100.000. I tillegg er det gjort nokre mindre justeringar. Forslag til endeleg budsjett er vedlagt.

Det kjem fram i møtet at Diakoninemnda treng å bruka meir pengar til forbruksmateriell og lysingar. Kan gjerast ved å auke ramma ved å overføre frå øyremerka fond til diakoni.

Investeringar til parkeringsplass, vognskjul, mm ligg inne i den kommunale løyvinga, slik at dette står fast.

Vedtak:

Fitjar soknerådet vedtek justert detaljbudsjett for 2022 slik det vart lagt fram i møte.

Diakoninemnda får i oppdrag å koma med ynskje for auke i ramma.

Sak 2022/06 Vedlikehald i 2022

I budsjettarbeidet for 2022 er det sett av pengar for vedlikehald av kyrkja og kyrkjegarden. I tillegg har Fitjar sokn investeringsmidlar dette året for vognskjul og handikapparkering. Ein legg opp til ei kort drøfting av planlegging og organisering av arbeidet i møtet.

Leggje plan for kva som kan gjerast på dugnad og kva som må gjerast av tilsette eller innleigde. Tom Rydland la fram forslag til årshjul og plan i møte.

Vedtak:

Fram til neste møte bør forslaget drøftast mellom Tom, Jan og Kjetil, kva kan gjerast og kva må gjerast. Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2022/07 Fitjar sogelag – markering av gamle kyrkja

Fitjar sogelag har sendt søknad om å leggja fysiske markeringar slik at plasseringa av mellomalderkyrkja kan bli synleg i terrenget på kyrkjegarden. Det vert lagt vekt på at markeringane ikkje kjem i konflikt med eksisterande gravminne eller plenklipping. Søknad er vedlagt.

Vedtak:

Soknerådet ser positivt på initiativet, men markeringane skal ikkje føre til ulempe for pårørende eller kyrkjegardspersonalet. Gjennomføring blir delegert til nemnd for bygg og anlegg.

Sak 2022/08 Årshjul 2022

Vedlagt er årshjulet for soknerådet våren 2022. Her er òg lagt forslag til dato for årsmøtet – 15.05.2022. Det er også ønskeleg å leggja inn plan for evaluering av visitasrapporten.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner årshjul for våren 2022 med fylgjande endringar:

1. Å fullføre strategiarbeidet må koma først
2. Årshjulet er eit levande dokument, som kan/må endrast etterkvart

Sak 2022/09 Takkofferliste våren 2022

Sokneprest ha lagt forslag til offerliste for våren 2022. Sjå vedlegg

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner takkofferliste for våren 2022 med fylgjande endringar:

1. Cuba Lutherske kyrkje inn på lista
2. Kirkens Bymisjon Stord inn på lista til hausten

Sak 2022/10 Val av medlemmer i trusopplæringsutvalet

I mandatet for trusopplæringsutvalet står dette om oppnemning: «*Medlemmene i utvalet vert oppnemnde for 2 år om gongen, og konstituerer seg sjølv*». I sak 2021/80 har soknerådet godkjent forslaget til kandidatar. Kandidatane er spurt om dei stiller seg til val.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner Birgitte Brenne, Hilde Karin V. Eiken, Anne Marie Røed og Torunn K. Aarskog som medlemmer i trusopplæringsutvalet. Eli Sigun Wiik
Utvalet får i oppdrag å supplera seg med et nytt medlem, gjerne ein mann

Sak 2022/11 Meldingar / open post

Bibelreisen vPer Hjemdal 3 torsdager i mars

Roald gav melding om at han sluttar i stillinga si 8.8.2022
Siste gudstenesta hans her i Fitjar vert 12.06.2022